



## Notat

Dato: 07.11.2018  
Arkivsak: 2017/3812-11  
Saksbehandlar: stahaug

---

Til: Fylkesutvalet

---

Frå: Fylkesrådmannen

---

### Målform i fylkeskommunen, oppfølging av vedtak

I fylkestinget 12.-13. juni 2018 vart sak «PS 51/2018 Målform i Hordaland fylkeskommune» handsama. Fylkesrådmannen gjev her ei melding om oppfølging av vedtaket i saka.

#### Vedtak

1. Fylkestinget stadfestar at nynorsk er administrasjonsmålet i Hordaland fylkeskommune slik det er innarbeidd i reglement og retningslinjer.
2. Fylkestinget ber om at målvedtak og språk meir generelt i den nye fylkeskommunen vert teke opp i samanslåingsprosessen som er i gang.
3. Fylkestinget oppmodar den nye fylkeskommunen om å gjera vedtak om målform så snart som råd er etter samanslåinga 1.1.2020.
4. Fylkestinget vedtek at Skyss brukar nynorsk i Bergen på same måten som elles i fylket. Dette fordi rutetilbodet i Bergen òg er til for kollektivreisande i Hordaland og administrasjonsspråket er nynorsk.
5. Fylkestinget vedtek at alle dei fylkeskommunale vidaregåande skulane primært administrerer og marknadsfører seg på nynorsk.
6. Fylkestinget vedtek at alle tekstar som fylkeskommunen betalar eksterne tekstprodusentar for, og som skal brukast i samanhengar der fylkeskommunale institusjonar brukar nynorsk, bør leverast på nynorsk av desse eksterne tekstprodusentane.

#### Om vedtaket

I fylkestinget 12.-13. juni 2018 stadfesta fylkestinget at administrasjonsmålet i Hordaland fylkeskommune er nynorsk slik det er innarbeidd i reglement og retningslinjer.

Fylkestinget oppheva i juni-vedtaket sitt løyvet Skyss har hatt til å kunna nytta bokmål for lokale kollektivtilbod (som Bybanen i Bergen) i kommunar som har bokmål som administrasjonsmål eller er nøytrale. Fylkestinget på Skyss å nytta nynorsk i Bergen som i resten av fylket.

Fylkestinget vedtok at alle dei fylkeskommunale vidaregåande skulane primært skal administrera og marknadsføra seg på nynorsk.

Fylkestinget vedtok at alle tekstar som fylkeskommunen kjøper frå eksterne tekstprodusentar, og som skal brukast i samanhengar der fylkeskommunale institusjonar brukar nynorsk, bør leverast på nynorsk av dei eksterne tekstprodusentane.

## **Oppfølging**

### **Skyss**

I melding til fylkesutvalet 19.-20. september 2018 opplyste fylkesrådmannen at Skyss følgjer opp vedtaket om målform. All ny informasjon vert utarbeidd på nynorsk, men ein har ikkje ressursar til å erstatte all eksisterande informasjon samstundes. Ei tid framover vil difor kampanjar, skilt og plakatar på bokmål framleis vera i bruk.

### **Vidaregåande skular**

Punkt 5 i fylkestinget sitt vedtak som gjeld dei vidaregåande skulane, vel fylkesrådmannen å setja i verk slik:

- alle stillingsutlysingar og marknadsføring skal vera på nynorsk
- skulane sine nettsider skal vera på nynorsk
- ved intern administrasjon på skulane kan begge målformer nyttast
  - I interne rundskriv og på nettsider kan det nyttast nynorsk og bokmål parallelt. Dette er mellom anna aktuelt når målgruppa er minoritetsspråklege elevar eller foreldre der det store fleirtalet er bokmålsbrukarar.
- personar skal i tråd med regelverket vårt få svar på den målforma dei sjølv nyttar/kontaktar oss på
- ved namnsetjing av nye skular skal nynorsk skriveform nyttast. Bokmålsforma på dei innarbeidde skulenamna i Bergen og Askøy vert ikkje endra.

Opplæringsdirektøren har informert om fykestinget sitt vedtak på rektormøte og til skulane.

Mange skular har alt nettsidene sine på nynorsk. Skulane som nyttar bokmål no, får frist fram til 1.5.2019 til å endra målform til nynorsk.

### **Generelt**

For administrasjonen og alle einingar i fylkeskommunen gjeld dei same retningslinene som for dei vidaregåande skulane, slik dei er lista opp ovanfor.

På nettsider kan det vera aktuelt å ha oppslag både på nynorsk og bokmål. Dette er teknisk mogeleg, men krev meir arbeid/ressursar.

På nettsidene vil det for ein del av tenestene våre vera aktuelt og ynskjeleg også å ha noko informasjon på engelsk.

Informasjon om pkt. 6 er gjort kjent i organisasjonen.

### **Klart språk**

I målbruksplanen som fylkestinget vedtok 8. mars 2017, vert det sagt at Hordaland fylkeskommune skal bruka eit godt og klart språk som er lett å forstå for brukarane av tenestene våre. Språkkurs og skrivekurs for tilsette er tiltak fylkeskommunen nyttar for å betra språket i saksdokument, brev, meldingar m.m.

Fleire medarbeidarar i fylkesadministrasjonen har delteke på KS sine kurs og samlingar om Klart språk i kommunesektoren for å få idear og henta inspirasjon til å organisera språkarbeidet vårt. Hordaland fylkeskommunen har fått 40 000 kr i tilskot frå KS til arbeid med Klart Språk. Desse pengane vil verta nytta til kurs og andre tiltak.

Me har under utarbeiding ein rettleiar for godt språk og eigne nettsider om målbruksplanen og Klart språkarbeidet. Nettsidene vil innehalda informasjon om språkvedtaka våre, ha lenkjer til nyttige nettsider med hjelp og tips for godt språk, skrivekurs på nett, søk i ordbøker m.m.